



*Vinje kommune*



## **Strategi for redusert bruk- og forsøpling av plast 2018 - 2021**

Vedteke av Vinje kommunestyre i sak 18/83, 18.10.2018.

## Innleiing

Plastavfall, herunder mikroplast, er ein global miljøutfordring. Ein stor del av våre forbruksartiklar inneholdt eller er pakka inn i plast, dette medfører omfattande mengder plastavfall over heile kloden. Avfallet endar ofte opp i innsjøar og hav, og kan gje alvorlege skadeverknader for livet i vatn og ved havet verda over.

Me har lenge kjent til plastforsøpling på strender og i havet, men kunnskapen om mikroplast, herunder spreiing og verknad, er relativt ny og mangefull. Det blir stadig utvikla ny kunnskap om temaet. Dette gjer at det etter kvart kan gjennomførast meir presise tiltak.

Avfall, forsøpling og forureining let seg ikkje avgrense korkje geografisk eller administrativt. Arbeidet mot marin forsøpling bør difor samordnast regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Denne kortfatta planen oppsummerer korleis ein kan gjere tiltak både som privatpersonar, kommuneorganisasjon, frivillig sektor og næringsdrivande for å bidra til redusert plastforbruk og utslepp av plast.

## Innhald

Tiltak for privatpersonar ..... side 3

Tiltak for frivillig sektor ..... side 4

Tiltak for kommunen som organisasjon ..... side 5

Tiltak knytt til næringslivet ..... side 6

## Tiltak for privatpersonar

Framtiden i våre hender peikar, i tillegg til å stø opprop om internasjonal plastdugnad, på 7 ulike tiltak privatpersonar kan gjere sjølv i det daglege:

- 1. Plukk plast på tur.** Stort plastavfall på strender og i naturen elles blir før eller sidan til mikroplast når det blir brote ned. Plukk med deg plastsøppel i naturen når du er på tur. Druknar ditt turområde i plast? Ta med deg vene og kjende på ei ryddeøkt! Kontakt kommunen din og avtal henting av plasten.
- 2. Køy mindre bil.** Dekkslitasje er den desidert største kjelda til utsipp av mikroplast i havet og naturen elles. Det er vanskeleg å finne effektive tiltak for å samle opp mikroplast frå dekkslitasje, så reduser difor bilkjøringa når du kan. Då kuttar du også i klimagassutsleppa dine.
- 3. Ansvarleg fotball.** Kunstgrasbaner er blant de største kjeldene til mikroplast på avvegar. Er du aktiv i ein fotballklubb eller har du barn som spelar fotball? Sjekk kva slags rutiner klubben har for regelmessig oppsamling av gummigranulat som er på veg bort frå kunstgrasbanen. Gode oppsamlingsrutiner kan spare miljøet for store mikroplastutslepp.
- 4. Mal med miljøvet.** Maling kan innehalde blant anna akryl og på avvegar blir det mikroplast. Ikkje skyll ned malingrestar frå vask av utstyr i avløpet. Lever malingrestar, malingsspann og brukt utstyr til gjenvinningsstasjonar i kommunen din. Sørg for at klutar og anna med mindre malingrestar havner i restavfallet slik at det blir destruert.
- 5. Grønare vedlikehald av båt.** Vedlikehald av båt i småbåthamnene er ei stor kjelde til mikroplastutslepp i sjøen. Høgtrykksspyling og skraping av båten avgir mikroplast frå grunning, maling og lakk. Undersøk om di båthamn kan bli miljøsertifisert under den internasjonale ordninga "Blått flagg" og "Ren marina". I Sverige, Nederland og Tyskland har mange småbåthavner partikkelfiltrering av vatn brukt til vedlikehald av båt. Noko å vurdere for småbåthamna du ligg ved?
- 6. Bruk kosmetikk utan mikroplast.** Unngå hudpleieprodukt tilsett mikroplast. Når du vaskar deg så hamnar plasten i avløpet og etter kvart i sjøen. Sjekk produktoversikten til «Beat the microbead».
- 7. Miljøvenleg klesvasking.** Vasking av klede laga av syntetiske fiber bidreg til utslepp av mikroplast. Desto mindre tett stoffet er vevd, jo meir mikrofiber avgis det ved vask. Vi vaskar kleda våre for ofte, så vurder om det held med utlufting eller å tørke bort enkeltflekkar. Hald for all del filteret i vaskemaskina di reint. Filteret bør reingjerast rundt 10 gangar i året. Toppmata vaskemaskiner gir meir fiber og sliter meir på tøyet enn dei med mating i front. Kjøp ein filterpose til klede dine som reduserer utslepp av plastfiber. *Kid interiør, Norrøna og Northern playground* sel filterposen *guppyfriend* her i Noreg. Vurder også å få installert eit betre filter saman med vaskemaskina din.

## Tiltak for frivillig sektor

Samarbeid med frivillige lag, organisasjoner og frivilligsentral om å bruke nedbrytbare materialer i sine arrangement, samt legge til rette for redusert forsøpling i samband med førebyggande arbeid og arrangement. Kultur og oppvekstutvalet vert oppmoda om fremje eigen sak om støtteordningar / påskjøning av tiltak for å fremje miljø- og redusert bruk av plast generelt.

### Gummigranulat i fotballbaner og ballbinger

Gummigranulat som innfyllingsmasse i kunstgrasbaner har vore ei populær løysing i mange år. Tre av landets 2000 kunstgrasbaner ligg i Vinje kommune.

Ved dei fleste brukast det gummigranulat frå oppmalte bildekk. Det gjev betre grep og demping og reduserar risikoen for at spelarane skadar seg. Men gummigranulat er også eit miljøproblem.

Ein rapport frå 2016 viste at kunstgrasbaner kan vere den nest største landbaserte kjelda til mikroplast. Det er grunn til å vente ei landsomfattande forskrift som regulerer bruken av innfyllingsmasse. Stortinget har bestemt at alle slike baner må ha på plass utstyr for å fange opp granulat innan 1.1.2019. Kommunen går i dialog med klubbane og hører korleis dei tenkjer seg å etterkome desse krava. Miljødirektoratet sine tiltak for å redusere utslepp går fram av boksen til høgre.

#### TILTAK FOR Å REDUSERE UTSLIPP KAN VÆRE

Fysiske barrierer rundt baneområdet.

Sandfang i drenssystemet på anlegget.

Rutiner for fjerning av granulat fra klær og sko.

Manuell oppsamling, rensing og tilbakeføring av granulat.

Bruk av rist, filtre eller andre oppsamlingsmetoder.

Sette av egnet plass for snølagring, helst med fast dekke og/eller fiberduk.

Ved bruk av snøfreser, vær sikker på at snøen havner på egnede plasser, og ikke i omgivelsene utenfor anlegget.

## Kommunen som organisasjon

### *Miljøeffektive innkjøp*

Kommunen og andre verksemder finn råd om dette både på [www.grip.no](http://www.grip.no), og Grønt Punkt som er eit non-profit selskap som sørger for finansiering av returordningane for glas, plast, metall, kartong, drikkekartong og bølgepapp. Vinje kommunen er medlem av sistnemte organisasjon.

### *Innføring av resirkulering av alt avfall i kommunal sektor*

Teknisk drift og vedlikehald vurderer resirkuleringsordningar ved alle kommunale bygg/anlegg.

### *Bygg og tekniske anlegg*

Kommunaltekniske anlegg skal vurdere løysingar som medfører alternativ til plastmateriale ved bygging, og gjere tiltak i eksisterande anlegg der det er fare for plastforsøpling generelt, og mikroplast i økosystemet særskilt. Nye lovkrav kjem stadig på dette området, og må følgjast opp.

### *Pådrivar mot kommunaleigde selskap for å implementere strategien*

Vinje kommune er deleigar i mange selskap som er styrt gjennom styremedlem, generalforsamling og eigarstrategiar. Vinje sine representantar skal vere pådrivarar for gjennomføring av strategien mot bruk- og forureining med plast i kommunaleigde selskap.

### *Haldningsskapande arbeid blant born og unge*

Skule-, barnehage- og kulturarenaer skal legge til rette for kjeldesortering og god haldning kring avfallshandtering og særleg plastproblematikk i samfunnet. Her ligg det føre mykje rettleiingsmateriale nasjonalt, som kan nyttast i arbeidet. Tiltaka blir jobba vidare med, og konkretisert av driftseiningane innan oppvekstområdet. Fleire tips finn ein på nettstaden <http://miljoagentene.no/>



## **Tiltak knytt til næringslivet**

### *Strategiplan for tilsyn etter plan- og bygningslova*

Kommunen har hatt denne planen sidan 2015. Målet er å sikre god kvalitet på byggjetiltak i Vinje kommune, førebyggje og redusere byggjefeil samt bidrage til at aktørane i næringa er kjend med og fylgjer regelverket. Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggjesaker for å sjå til at tiltak blir gjennomført i samsvar med gjeve løyve og i samsvar med føresegner gjeve i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl § 15-1.

Kommunen set opp fylgjande som målsetting/ målkrav til tilsyn:

- ⇒ Rask responstid på oppfylging av lovbroter
- ⇒ Responstid liv og helse, 1 - 3 dagar
- ⇒ Utføre tilsyn i 10 % av byggesakene pr. år
- ⇒ Årleg rapportering

### *Landbruksplast – betra ordningar for returpunkt og innsamling*

Innanfor landbruksområdet blir det alt jobba med alternative, betra løysingar for innsamling av landbruksplast. Vinje kommune skal også arbeide for enno betre oppslutning om ordninga.

### *Detaljhandel, reiseliv, bygg og industri*

Bruke næringsforum som arena for drøfting av tiltak som kan vere relevante for lokalt næringsliv.